

Årsrapport 2024

Fagnettverk av ressurssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde føretaksområde

1.0 Oppsummering

Ved årsskiftet 2024/2025 hadde Nettverk av ressurssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde føretaksområde 91 ressurssjukepleiarar registrert i Pallnet.

Nettverket har gjennomført 6 lokalgruppessamlinger. Det vart arrangert årleg fagdag på Thon Partner hotel Jølster i februar med tema: *“Når livet snur i møte med alvorleg sjukdom. Kan håp og åndeleg omsorg gje styrke når livet blir vanskeleg?»* 73 deltakarar evaluerte dagen, og 68 % svarte at dagen hadde fungert særskilt godt.

Årleg rapportering er utført av 68 % av ressurssjukepleiarane, vi har ikkje nådd målet vårt om 80 % svar på rapportering.

Rapporteringa syner at vi har ei stabil gruppe med ressurssjukepleiarar. 45 % av dei som har svara, har vore med i nettverket over 5 år, og 52 % seier at dei har avsett tid til rolla som ressurssjukepleiar. Det er gledeleg at vi ser ein auke i svarprosenten på dei som har fått avsett tid til rolla. Førre år var det 42 % som hadde avsett tid.


34 leiarar har svara på eit eller fleire spørsmål i årleg rapportering. 91% av dei som har svara, held fram at nettverket bidreg i stor eller svært stor grad til betre kvalitet på kreftomsorg og lindrande behandling.

Rapporteringa syner at ressurssjukepleiarane har kjennskap til nasjonale retningslinjer, ESAS-r og Livets siste dagar. Rapporteringa fortel òg at dette er verktøy som stadig må fokuserast på og haldast ved like, og verktøy som burde vore enda meir brukt.

Årleg rapportering inneheld spørsmål omkring samhandling om den palliative pasienten.

Desse spørsmåla gjev oss innsikt i kva informasjon som er viktig for å få til god samhandling for denne pasientgruppa. Ressurspersonane ynskjer gode behandlingsplanar for symptomlindring, behandlingsavgjerder samt palliativ plan med pasienten sine ynskje og tankar.

Årleg rapportering fortel oss at ressurssjukepleiarane er nøgd med kvaliteten på informasjonen som omhandlar den palliative pasienten. Sjølv i ei tid med fokus på digital kommunikasjon via PLO meldingar, syner årleg rapportering at ressurssjukepleiarane opplever å ha tilgang til personell på sjukehuset når det trengst drøfting rundt palliative pasientar. Sjukepleiarane på sjukehus, rapporterar at dei opplever tilfredstilande kvalitet på



informasjonen som dei får frå kommunen. Vi ser av årleg rapportering at dei ynskjer seg mykje den same informasjonen omkring den palliative pasienten. Det er mellom anna: IP/ Palliativ plan dersom det er oppretta, kva ynskje har pasienten og kva opplever pasienten som viktig, HLR status, oppdatert medisinliste og pasienten sitt funksjonsnivå.

2.0 Mål for fagnettverket

Målet for fagnettverket er å sikre kvalitet og kontinuitet i pleie- og omsorgstilbodet til kreftpasientar og pasientar med behov for lindrande behandling. Omsorgstilbodet skal også inkludere pårørende. Målet er at pasienten og familien skal oppleve god kvalitet, tryggleik og samhandling i alle nivå av helsetenesta.

Årleg rapporterer ressurssjukepleiarane og deira leiarar om ulike tema knytt til nettverket.

I 2024 var det 62 ressurssjukepleiarar og 34 leiarar som svara på årleg rapportering.

Hovudtrekk frå denne rapporteringa vil bli presentert i avsnitt 10.0.

3.0 Arbeid med drift av fagnettverket

Fagnettverket er delt opp i tre lokale nettverksgrupper. Driftsgruppa for fagnettverket har saman med to regionale medarbeidrarar i KLB ansvar for samlingar knytte til nettverksarbeidet. Per 31.12.24 var det registrert 91 ressurssjukepleiarar i Pallnet. Dei kjem frå kommunane, sjukehusa i området og frå Røde Kors Haugland Rehabiliteringsenter. I tillegg er åtte kreftkoordinatorar tilknytt nettverket.

3.1 Møte i driftsgruppa

Driftsgruppa har hatt fire møte i 2024. Det føreligg referat frå alle møta. Sakene som har vore handsama, er i hovudsak samanfallande med årsrapporten. Eit medlem er gått ut av driftsgruppa hausten 2024, og nytt medlem er på plass ved årsskifte.

3.2 Møte i styringsgruppa

Styringsgruppa har hatt to møte i 2024. Det føreligg referat frå begge møta. Eit medlem er gått ut av styringsgruppa hausten 2024, og nytt medlem er på plass ved årsskifte.

4.0 Fagutvikling, undervisning og opplæring

4.1 Introduksjonskurs

Det vart arrangert introduksjonskurs hausten 2024. Det var 16 sjukepleiarar som deltok, og kurset vart evaluert av deltakarane.

4.2 Årleg fagdag

13. februar var omlag 130 deltakarar samla på Thon Partner Hotel Jølster om tema: "Når livet snur i møte med alvorleg sjukdom. Kan håp og åndeleg omsorg gje styrke når livet blir vanskeleg?"

73 personar evaluerte fagdagen, og 68 % evaluerte at dagen hadde fungert svært godt. Foredragshaldarar var Inger Utne, professor ved OsloMet og Tove Giske, professor ved Institutt for sykepleie VID.



4.3 Lokalgruppessamlingar i nettverksgruppene



Bilete er frå reise til Vik i Sogn ein nydeleg vårdag.

Våren 2024:

Tema for samlingane:

"Kva kan fysio- og ergoterapi bidra med i møte med pasientar som har kreft, og pasientar med behov for lindrande behandling?"

Føredragshaldarar var ergoterapeut Liv Marie Torbergson og fysioterapeut Julie Løkkebø frå Helse Førde.

Det var 65 av 93 ressurssjukepleiarar som møtte på nettverkssamlingane som er fordelt på 3 nettverksgrupper, det er 69 % oppmøte.

Hausten 2024:

Tema for samlingane:

"Neutropeni og handtering av cytostatika."

Føredragshaldar var kreftsjukepleiar Ellen Storevik frå Eid sjukehus.

Det var 59 av 89 ressurssjukepleiarar som møtte på nettverksamlingane som er fordelt på 3 nettverksgrupper, det er 64% oppmøte.



Bileta er frå samlinga i Førde og på Leikanger

På alle lokalgruppessamlingane vår og haust var det fokus på "må" og "skal" oppgåver i nettverket. Dette gjorde vi ved hjelp av ein PowerPoint-presentasjon som sette fokus på oppgåvene og rolla til ressurssjukepleiaren. Vi har dette året teke oss god tid på "runde rundt bordet". Der vert ressurssjukeleiarane utfordra på at dei skal seie noko om: "Kva har du gjort sidan siste samling, kva er glede og utfordringar, og kva er planane dine som ressurssjukeleiar framover? "

4.4 Markering av Verdsdagen i lindrande behandling i Helse Førde

Den 16. oktober var det markering av Verdsdagen i lindrande behandling. Dagen vart markert ved at sjukeleiarane i Palliativt team besøkte avdelingane på Førde sentralsjukehus. Sjukeleiarane hadde med seg "goodiebag" med litt diverse innhold. Dei tilsette fekk twist til kaffien, samt lommekort med viktig informasjon til bruk i arbeidet med den palliative pasienten. Det var travelt på sjukehuset den dagen, men vi kan likevel håpe på at det vart sådd litt informasjon om viktige tema innan lindrande behandling.



Dei tilsette på alle tre avdelingane på Førde omsorgssenter fekk marsipankaker med tekst på: "Kva gjere dagen til ein god dag"? "Kva gjev deg styrke"? og "Kva gjev deg håp"? Det er kjende setningar innan palliasjon, og som kan nyttast i arbeidsdagen.

4.5 Grunnkurs i palliasjon

Eit nytt tilbod i fagnettverket, der målgruppa var:

Nye ressurspersonar i Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling, som tidlegare ikkje har delteke på fagdag i grunnleggjande palliasjon. Samt helsepersonell som møter palliative pasientar i primær- og spesialisthelsetenesta.

Vi vart overvelta over responsen for påmelding, og vi måtte på leit etter nytt og større lokale då 67 melde seg på grunnkurset og til slutt fekk vi 61 betalande deltakrar. 56 av deltakarane evaluerte kurset i etterkant.

Kommentarar frå evalueringa syntetiserer oss mellom anna dette:

"Veldig kjekt at de åpna for at helsefagarbeidarene kunne delta, takk for innholdsrik dag! Sitte igjen med mykje meir kunnskap og motivasjon."

"Veldig godt kurs! Gode tema, flinke og engasjerte foredragsholdarar. Kjekt når dei kjem med eigne erfaringar og spelar på innlegg frå dei som høyrer på. Fin film, veldig rørande!"

"Bedre lokale til neste gang, litt fleire pauser for å kunne lufte seg, ellers heilt nydelig bra dag! Skulle ønsker det var eit 2-dagers kurs."

Kurset vart halde på høgskulen sine lokale på Campus Førde, og grunnkurs i palliasjon vert eit fast program for nettverket sitt arbeid i årta som kjem.



5.0 Utviklingsarbeid

Felles undervisningsmalar

Kompetansesenter i lindrande behandling har utvikla felles malar for undervisning om ESAS-r, individuell plan, grunnleggande palliasjon og presentasjon av nettverket i Helse Førde. 55 % av ressurssjukepleiarane som svara på årleg rapportering, hadde i 2024 brukt undervisningsmalane i undervisning.

Andre samarbeidspartar

Ressurssjukepleiarane samarbeider med fastlegar, sjukeheimslegar, ergoterapeutar, fysioterapeutar, legar i spesialisthelsetenesta og personalet i palliativt team, i tillegg til sine kollegaer på arbeidsplassen. Ressurssjukepleiarane nemner i årleg rapportering at dei også samarbeider lokalt med NAV, skule, barnehage, Frisklivssentralen, kyrkja og frivillige organisasjonar.

Samarbeid mellom ressurssjukepleiarnettverka i Helseregion Vest

Leiarane for driftsgruppene har hatt to møte dette året. Her blir saker som er felles i dei fire nettverka, drøfta. Saker som skal særskilt nemnast er SWOT analyse inn mot ny strategi for nettverka, og at det vart laga poster til Landskonferansen i Palliasjon i Bergen.

Hospitering

Styringsgruppa og driftsgruppa har ønska at det skal rettast fokus på hospitering. Det har på alle samlingar for ressurssjukepleiarane vore retta fokus på høve til å hospitere. Vi har oppmuntra til å planlegge hospitering tidleg saman med leiar. Det syner seg å være utfordrande å få til hospitering. Det syner tal frå årleg rapportering, som fortel at 88 % av dei som svara, ikkje har hospitert i løpet av åra dei har vore ressurssjukepleiar.

Fysio- og ergoterapinettverk

Vi har diverre ikkje lykkast i å starte eit eige nettverk innan fysio- og ergoterapi, etter modell av fagnettverket for ressurssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling. Det vart i 2023 laga plan for korleis vil skulle gå fram for å starte opp nettverket. Planen innebar:

- Skaffe kontaktinformasjon på aktuelle personar innan fysio- og ergoterapi
- Undervisning i lokalgruppene med tema omkring fysio- og ergoterapi med invitasjon til fysio- og ergoterapeutane i kommunane og i spesialisthelsetenesta
- Invitasjon til årleg fagdag på Thon Partner Hotel Jølster saman med fagnettverket innan kreftomsorg og lindrande behandling
- Invitasjon til felles digital undervisning med nettverka innan fysio- og ergoterapi i Helseregion Vest.

6.0 Pasient- og pårørandearbeid

Fagnettverket skal bidra til at pasientar med kreft eller andre pasientar med behov for lindrande behandling, får tilbod om hjelp utifrå den sjukdomsfasen dei er i, både i 1. og 2. line-tenesta. Tilboden skal også ivareta pårørende. Ressurssjukepleiar i kommunen blir mellom anna kontakta av ressurssjukepleiarar på sjukehus, fastlege, kreftkoordinator eller leiinga i kommunen. Dei fleste ressurssjukepleiarane besøker pasientane heime. Ofte er det også pårørende til stades. Der det lar seg gjere, møter ressurssjukepleiar frå kommunen fysisk eller digitalt på samarbeidsmøte før heimreise for pasienten.

I 2024 meldte 53 % av ressurssjukepleiarane at dei hadde samarbeidsmøte med fastlege / sjukeheimslege om palliative pasientar.

Tolv ressurssjukepleiarar har medverka til utarbeiding av individuell plan (IP) / individuell plan til bruk i palliasjon dette året. Ni av ressurssjukepleiarane har medverka til 1-2 planar dette året, og to ressurssjukepleiarar har medverka til 3-5 planar. 34 ressurssjukepleiarar hadde teke seg tid til å kommentere dette punktet. Dei melder om manglante rutine og system for bruk av IP, at pasienten ikkje ynskjer det, og at det ikkje er tid til å sette i verk IP i ein travel kvardag. Nokon skriv at det er mykje arbeid, at det er utfordrande og at dei kjem for seint i gang.

7.0 Presentasjon av nettverket

Det er rutine for ressurssjukepleiarane å presentere nettverket for kollegaer, og nettverket skal presenterast for nye tilsette på arbeidsstaden. Rapportering syner oss at 63 % ikkje har som rutine å presentere nettverket for nye kollegar på sin arbeidsstad.

8.0 Informasjonsutveksling i nettverket

Nyhendebrev

Det vart sendt ut to nyhendebrev i 2024 på e-post til ressurssjukepleiarane og leiarane, med siste nytt frå nettverket, KLB og Kreftforeningen.

Velkomstbrev

Velkomstbrev med nyttig informasjon vert sendt per e-post til nye ressurssjukepleiarar.

9.0 Økonomi

Fagnettverket har ein stabil økonomi, og økonomirapport ved årsskiftet synte saldo på kr 59 904,-.

10.0 Årleg rapportering frå ressurssjukepleiarane

Fagutvikling – implementering og bruk av verktøy

- ✓ Nasjonale retningslinjer: 87 % av ressurssjukepleiarane brukar retningslinjer for symptomlindrande behandling frå Nasjonalt handlingsprogram for palliasjon i kreftomsorga til aktuelle pasientar.
- ✓ ESAS-r: 90 % rapporterer at ESAS-r er teke i bruk på arbeidsplassen. 40 % rapporterte at ESAS-r er lite teke i bruk.
- ✓ Livets siste dagar - plan for lindring i livets sluttfase: 69 % av dei som svara, seier at Livets siste dagar er teke i bruk på deira arbeidsplass.

Organisering

- ✓ Ressurssjukepleiarfunksjonen: 52 % rapporterte at dei har avsett tid til ressurssjukepleiarfunksjonen. Av dei 52 % som hadde avsett tid, varierte tida frå ein dag kvar 6. veke til 20 % stilling.
- ✓ Plan for arbeidet som ressurssjukepleiar: Det var 16 ressurssjukepleiarar som rapporterte at dei hadde hatt møte med leiaren sin kring mål for rolla som ressurssjukepleiar. 46 personar sa at dei ikkje hadde hatt møte med leiaren. Av dei 34 leiarenane som svarte på dette spørsmålet, rapporterte 18 at dei hadde hatt eit møte med ressurssjukepleiar der dei hadde drøfta oppgåver og planer for ressurssjukepleiararen sitt arbeid.

Samhandling

- ✓ 94 % av ressurssjukepleiarane i kommunehelsetenesta opplevde at dei fekk tilgang til personell på sjukehuset når dei trengde å drøfte ting rundt palliative pasientar.
- ✓ 73 % av ressurssjukepleiarane i kommunehelsetenesta opplevde at informasjonen dei fekk frå sjukehuset om palliative pasientar, hadde tilfredsstillande kvalitet.
- ✓ 67 % av ressurssjukepleiarane på sjukehusa opplevde at informasjonen dei fekk frå kommunehelsetenesta om palliative pasientar, hadde tilfredsstillande kvalitet.

Det er positivt at over 87 % rapporterer at dei brukar retningslinjer for symptomlindrande behandling frå Nasjonalt handlingsprogram for palliasjon i kreftomsorga.

Som tidlegare år ser vi at dei fleste er kjent med ESAS-r som kartleggingsverktøy, men diverre er det 40 % som nyttar dette i liten grad. Formålet med skjemaet er betring av pasienten sine symptom, og at det igjen skal bidra til auka kvalitet på behandling og pleie. Skjemaet er eit godt utgangspunkt for kommunikasjon, og er godt eigna for å evaluere effekten av ulike behandlingstiltak. Fleire ressurssjukepleiarar held fram at det er lite fokus på ESAS-r, det vert gløymt ut i kvardagen, det vert ikkje etterspurd av legane og at pasientane ikkje ynskjer det. Dei mange kommentarane på dette punktet syner oss at det er ein jobb å gjere blant ressurssjukepleiarane i å ta dette viktige verktøyet i dagleg bruk til pasientane.

39 ressurssjukepleiarar har teke seg tid til å utdjupe kva som har fungert bra i funksjonen som ressurssjukepleiar. Nokon held fram at det er verdfullt å få reise på nettverkssamlingar og kurs, andre at det er fint å bli spurd om å hjelpe og rettleie kollegaer, samt at ein vert synleg på arbeidsplassen når ein har internundervisning. Det å bli anerkjend for kompetansen ein har opparbeidd seg, er viktig for fleire.

Ein ressurssjukepleiar skreiv det slik: *"Har mykje tid med pasientane og får følgt dei godt opp. Har hatt fagdagar slik at eg har kunne ha undervisning på jobb. Får ofte spørsmål fra kollegaer når dei lurer på noko innan palliasjon og kan vere en veileder for dei".*

Av dei 62 som har svara på årleg rapportering, er det 40 som har teke seg tid til å utdjupe kva som har vore mest utfordrande med deira funksjon som ressurssjukepleiar.

Vi les mykje av det same som har prega tidlegare år, med mangel på tid inn mot krevjande pasientsituasjonar der fokuset også skal være på pårørande. Fleire melder at mangel på tid i arbeidet og mangel på personell får konsekvens, som manglande undervisningstid, manglande høve til deltaking på nettverksmøte og lita tid til pasientkontakt og utøving av rolla som ressurssjukepleiar. Fleire seier at dei har fått førebuingstid til undervisning, men så opplever dei at det vert sjukemelding og mangel på personell, som igjen fører til at planane om undervisning vert skrinlagde, grunna omsyn til drift. Det er fint å lese i rapportering at lokalgruppesamlingane og årleg fagdag gjev motivasjon til å halde fram i funksjonen som ressurssjukepleiar.

88 % av leiarane som svara på årleg rapportering, seier at nettverket bidreg i stor eller svært stor grad til betre kvalitet på kreftomsorga og lindrande behandling. 41 % av desse leiarane seier at deira ressurssjukepleiarar bidreg i svært stor grad til betre kvalitet også i omsorga for andre pasientgrupper.

Det er 15 leiarar som har teke seg tid til å svare på kva dei syns er det mest positive med nettverket. Leiarane peikar på ressurssjukepleiarane som gode ressursar med tanke på å

jobbe inn gode rutinar for pasient- og pårørandeoppfølging. Det vert også halde fram at ressurssjukepleiarane er sjølvstendige og passar på sine pasientar på ein god måte. Leiarane verdset ressurssjukepleiarane sin kompetanse innan kreftomsorg og lindrande behandling.

Ein leiar skriv: *"Er positivt at ressurssjukepleiarane har nettverk for samarbeid og samhandling. Dreg nytte av kvarandres erfaringar, som er til det beste for våre brukarar/pasientar. Kollegane dreg og stor nytte av kunnskapen dei innehavar."*

15 leiarar har rapportert kva dei meiner er viktige tema/opplæringsbehov på deira arbeidsstad. Dei ynskjer mellom anna at nettverket fokusere på god palliativ pleie til døyande og god kunnskap omkring lindring av ulike symptom.

11.0 Konklusjon

Drifta av nettverket har også i 2024 vore stabil. Lokalgruppessamlingane er høgdepunkt gjennom året. Den erfaringsutvekslinga som skjer ved "runde rundt bordet", er både lærerik og interessant. Den faste programposten med dei tre spørsmåla: "Kva har du gjort sidan siste samling, kva er glede og utfordringar, og kva er planane dine som ressurssjukepleiar framover?", hjelper oss til å få eit positivt og målretta utbyte av samlinga.

Ressurssjukepleiarane fortel at dei vert etterspurde og nytta i faglege diskusjonar. Dei opplever seg som støtte til kollegaer innan kreftomsorg og palliasjon. Nokon har også gjeve tilbakemelding på at internundervisninga deira vert sett pris på av kollegane. Påfyll av kunnskap gjer at dei kjenner seg tryggare i rolla, og dei vert prioritert til dei pasientane som treng palliativ pleie.

Det er inspirerande å få innsikt i kva den enkelte ressurssjukepleiar får til på eigen arbeidsstad. Det er god lesnad når 39 ressurspersonar tek seg tid til å legge inn frie kommentarar som:

- *"Vert lytta til, og brukt som veiledar."*
- *"At rolla er kjent-noko som medfører at ein vert nytta og sett på som ein ressurs."*
- *"Fått følge opp palliative pasient som ønska å døy heime. Godt samarbeid med kollegaer og familie."*
- *"At vi har ein årsplan for ressurssjukepleiarane som leiarar og kollegaer kan velge undervisning frå av oss- eg har hatt oppfriskningskurs med sjukepleiarane på omsorgssenteret i smertepumpe."*

Det har vore inspirerande at fagnettverket arrangerte kurs i grunnleggande palliasjon med svært god deltaking alt fyrste året det vert arrangert. Det gode lokale samarbeidet mellom Helse Førde og dei regionale medarbeidarane for KLB som driftar fagnettverket, er viktig for at vi får dette til. Det palliative miljøet er lite, men engasementet og viljen til å få til noko saman er på plass. Den gode påmeldinga til grunnkurset syner oss at det er eit behov hjå helsepersonell for undervisning i grunnleggande palliasjon.

Vi som driftar nettverket, er godt nøgd med det vi får til i nettverksarbeidet i Helse Førde føretaksområde.